

# **Emnerapport RELV102 Jødedom, kristendom og islam**

**Semester: Haust 2016**

## **Emneansvarleg:**

Richard Johan Natvig

## **Lærarar på emnet:**

Håkan Rydving, Lisbeth Mikaelsson, Richard Johan Natvig, Einar Thomassen, Jane Skjoldli. Dessutan seminarleiar: stipendiat Konsta Kaikkonen.

## **Undervisningsopplegget:**

Forelesingar: 1 dobbelttime innføring i emnet, 7/6 dobbeltimar på kvar religion, 3 dobbeltimer med tema samanlikning, 1 dobbelttime eksamensførebuing. Vidare arbeidsseminar med skrivetrening (bl.a. obligatorisk innlevering av ei oppgave).

## **Pensum:**

Pensum besto av tre oversiktsverk, utvlde kapitlar frå innføringsbøker, og tre kjeldekompendium.

## **Kommentarar til evt. tilbakemelding frå studentar, evaluering eller eksamensresultat:**

Det blei gjennomført studentevaluering av emnet i samsvar. Studentevalueringa gav svært god tilbakemelding på emnet sett under eitt, og ikkje minst på forelesingane. Arbeidsseminara fekk derimot ein del kritikk. Frammøte til den ikkje-obligatoriske undervisninga (forelesingane) er dårlegare enn ønskeleg frå lærarsynspunkt, omkring 30 av over 80 registrerte studentar. 70 studentar møtte til eksamen, og 69 fullførte (mot 81 i fjor). For fjerde år på rad er eksamensresultata skuffande dårlege, med gjennomsnitt D. Fleire strauk i år enn i fjor, heile 17 av 69, mot i fjor: 7 av 81, og det var færre som fekk A i år: berre 3, mot 6 i fjor (men mot 0 av 58 i 2014).

Parallelt med emnet RELV102 går RELV103 / RELV103L, og dei fleste studentane tar begge. Nokre studentar uttrykker ønske om at eksamen i dei to emna blir arrangert med noe større mellomrom enn no.

Lærarstudentar som tar RELV102 og RELV103L kommenterer at pensumet i sistnemnte er veldig stort med tanke på at det er eit 5 vekttalsemne.

## **Tiltak du vil vurdera for å forbetra undervisninga neste gong:**

Studentevalueringa bekrefter at undervisningsinnsatsen til lærarane vert høgt verdsett. Nytt tiltak i fjor som blei gjentatt i år, var ei innføringsforelesing til emnet, og ei avsluttande eksamensførebuande forelesing. Begge delar blei godt mottatt og vert opplevd av emneansvarleg som veldig nyttig. Det er ønskeleg å oppretthalda den noverande mengda undervisning i emnet så lenge det er ressursar til det. Arbeidsseminara er ei større utfordring å få til å fungera godt, m.a. er det tydeleg frå

evalueringa at motivasjonen for å delta i dette obligatoriske undervisningstilbodet er svært låg hos mange. Etter avsluttinga av dette semesteret har faggruppa vedtatt at med verknad frå neste semester skal arbeidsseminara vera frivillige i staden for no obligatoriske.

Det blei dette semesteret kollisjon mellom undervisning i RELV102 og lærarstudentars praksisperiode. Dette vil vi unngå i undervisningsplanlegginga frå og med neste år.

**Undervisningsfasilitetar:**

Alt har fungert som forventa.